




FISKERIDIREKTORATET
Ressursavdelingen



Fiskeri- og kystdepartementet
Boks 8118 Dep

0032 OSLO

Sakshandsamar: Kristin Skurtveit
Telefon: 91308763
Seksjon: Fartøy- og deltakerseksjonen
Vår referanse: 10/7856
Dykkar referanse:
Vår dato: 30.08.2011
Dykkar dato:

Att:

HØYRING - FORSLAG OM Å AUKE STØRSTE TILLATNE LASTEROMSVOLUM FOR FARTØY MED TORSKETRÅL. SEITRÅL- OG REKETRÅLKONSESJON - ENDRING AV FORSKRIFT AV 13. OKTOBER 2006 (KONSESJONSFORSKRIFTA).

Vi viser til Fiskeri- og kystdepartementets høyringsnotat av 10. Mai 2011 om endring av forskrift av 13. Oktober 2006 (konesjionsforskrifta) ved å auke største tillatne lasteromsvolum for fartøy med torsketrål-, seitrål- og reketrålkonsejjon. Høyringsfristen er satt til 10. August 2011. Vi beklagar seint svar.

I høyringsnotatet føreslår departementet å auke maksimalt lasteromsvolum for fartøy med torsketrål-, seitrål- og reketrålkonsejjon frå 1500 m³ til 4000 m³. Departementet meiner at det er fleire gode grunnar for å heve lasteromsavgrensingane for reke-, sei- og torsketrålalarane. Ved å auke den øvre grensa for storleiken på lasterom legg ein til rette for friare fartøyutforming. Dette vil igjen gjere det enklare for fartøyeigaren å byggje om fartøyet med sikte på betre handtering av last/fangst, sikkerheit, arbeidsmiljø, tilpassing til miljøkrav og friare reiskapsval. Det vert vidare vist til at auka lasteromsvolum gir større lastekapasitet noko som igjen gir høve til lengre og færre turar. Det vert også vist til at større lasteromsvolum vil leggje til rette for at ein større del av fangsten (biprodukt) kan takast vare på om bord. Departementet viser vidare til at faren for at større lasteromsvolum vil føre til auka og uønska fiske på arter som verken er kvoteregulerte på fartøynivå eller ved konsesjionskapasitet, er avgrensa.

Det vert lagt til grunn at alle rom som nyttes til føring av fangst, rom for biprodukter, melrom, fryserom, isrom og eventuelt andre lasterom må liggje innanfor den øvre grensa på 4000 m³.

FISKERIDIREKTORATETS VURDERING

Utskifting til større fartøy vil vanlegvis føre med seg auka kapasitet i fisket, og dermed auka press på ressursane. Ein av hovudårsakene til overkapasitet i et globalt perspektiv har vore fri tilgang til utnytting av fiskeressursane. Etter kvart som stadig fleire fiskeri "lukkes" både internasjonalt og nasjonalt er det den teknologiske utviklinga som i stor grad har bidrege til økt overkapasitet.

Det er i Noreg etablert ordningar for å delta i dei fleste fiskeri gjennom konsesjionsordningar og årlege deltagerordningar. Dei fleste fiskeria er i dag også kvoteregulerte ved totalkvoter,

gruppekvoter og fartøykvoter. I tillegg er det ein rekke reglar som regulerer utøvinga av fisket. Risikoen for at bestandar skal fiskes ned er dermed redusert. Eit omfattande og detaljert regulerings- og kontrollsistem har likevel ikkje vore nok for å løyse problema med overkapasitet. For å vera "føre-var" i forvaltninga av ressursane har det difor vore viktig at struktureringstiltak inngår som del av ressursforvaltninga.

Fiskeridirektoratet ser at både omsyn til tryggleiken ved fartøyet, arbeidstilhøve om bord, fangsthandsaming og meir miljøvenlege tekniske løysingar vil kunne tilseie at det bør gis løyve til å byggje større fartøy.

Fiskeridirektoratet ser det likevel som viktig at norske myndigheiter har ein viss kontroll med investeringsnivået og totalutviklinga av storleiken på fiskeflåten under norsk flagg, for å unngå at nasjonal overkapasitet i neste omgang medfører press på fiskeri i andre område og i internasjonale "smutthull". I forbindelse med at en aukar grensa for største tillatne lasteromsvolum for fartøy med torske, sei- eller reketrålkonsesjon vil det difor vere ønskjeleg at løyve til utskifting til større fartøy vert kombinert med at man stimulerar til uttak av kapasitet. Dei siste åra har bruken av strukturvoteordning for fartøy med torsketrål- og seitrålkonsesjon stagnert. Dette skyldast blant anna at fleire reiarlag har nådd eller nærmar seg kvotetaket. Det bør difor vurderast å auke kvotetaket for torsketrålarar og seitrålarar i strukturvoteordninga for havfiskeflåten. Dette vil kunne stimulere eigarar av fartøy med torsketrål- og seitrålkonsesjon til ytterlegare strukturering.

Fiskeridirektoratet har elles ingen merknader.

Med helsing


Trine Konev
seksjonssjef


Kristin Skurtveit
seniorrådgiver